RYFYLKE IKS

Møtebok for styremøte i ungdomsstyret i Ryfylke

Tid: Måndag 2. november 2026 kl.17:00-19:00

Stad: Teams

Desse møtte:	Malena Løland / Sauda kommune Renate Åsland Hagen / Suldal kommune Guro Søraas Vasshus / Suldal kommune Ylva Schmidt Tjøstheim / Strand kommune Peder Krokedal / Hjelmeland kommune Kidane Tesfamichael Sibhatteab / Hjelmeland kommune
I tillegg møtte:	Elisabeth Bjørkhaug, Ryfylke IKS
Forfall:	Nikolai Wollum / Strand kommune Tiril Espedal / Sandnes kommune Sigrid Fossan Medalen / Sandnes kommune

Saker

Sak 24/26	Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 07.09.26	3
Sak 25/26	RyRekrutt 2027: Status og vidare planlegging	3
Sak 26/26	Aktuelle saker på fylkesnivå	4
Sak 27/26	Gratis U-23 billett i Ryfylke	5
Sak 28/26	Søknad til Rogaland Sparebank – «Første jobb heime»	5
Sak 29/26	Kommunikasjon og synleggjering av Ungdomsstyret	6
Sak 30/26	Eventuelt orientering	6

Sak 24/26 Godkjenning innkalling og møtebok frå møte 07.09.26

Møteboka frå møtet 07.09.26 låg ved.

Vedtak:

Styret godkjente møtebok frå møte 07.09.2026, innkalling og saksliste.

Sak 25/26 RyRekrutt 2027: Status og vidare planlegging

Bakgrunn
RyRekrutt 2027 blir arrangert på Fiskepiren i Stavanger 22. mars. Ungdomsstyret har ei sentral rolle i å utvikla arrangementet, slik at det blir ein sosial og attraktiv møteplass mellom ungdom frå Ryfylke og næringslivet.
Styret fekk først ein kort status på planlegginga, før dei diskuterte vidare korleis dei kan vidareutvikla arrangementet.

Behandling:
Artist: Det vart uttrykt ønske om å undersøka pris på fleire av artistane Fiskepiren har føreslått. Ingen artist er registrert som endeleg vald.

Program og lokale: Det vart lufta som eit alternativ om stands berre skal vera oppe i 2. etg, og om bedriftene kan få ein kort presentasjon på scena i starten eller bli presenterte på skjerm/film, slik at deltakarane lettare finn relevante bedrifter. Styret ønska å jobba vidare med fleire parallelle forslag i samarbeid med Fiskepiren, og ønskjer å gjera endeleg avgjerd i neste møte.

Aktivitetar: Stempelkort eller challenge med premietrekking vart diskutert, inkludert fleire premiar. Arbeidsutvalet skal sjå vidare på aktuelle premiar.

Mat: Ungdomsstyret ønskte matservering om lag halvvegs i arrangementet. Ungdomsstyret får presentert ulike tilbod frå lokale leverandørar av mat i neste møte.

Foto og film: Det vart foreslått å samla inn deltakarane sine eigne innblikk gjennom QR-kode. Styret får presentert tilbod frå ulike fotografar/videografar i neste møte.

Hotellovernatting og bedrifts-/påmeldingsstatus: Det er inngått avtale med Scandic Stavanger City om hotellovernatting, og Fiskepiren om påmeldingssystem.

Vedtak:

Ungdomsstyret tok orienteringa om RyRekrutt 2027 til vitande. Innspela frå diskusjonen blir lagde til grunn for det vidare planleggingsarbeidet. Ungdomsstyret sluttar seg til følgjande prioriteringar og avklaringar:

- Arbeidsutvalet jobbar vidare med premiar
- Ryfylke IKS samlar inn tilbod frå lokale matleverandørar, fotograf/videograf
- Ryfylke IKS samarbeider vidare med Fiskepiren om moglege løysingar for gjennomføring av arrangementet

Sak 26/26 Aktuelle saker på fylkesnivå

Bakgrunn
Ungdomsstyret skal vera ei stemme for ungdom i Ryfylke, også i saker som blir avgjorde på fylkesnivå.
Kva saker meiner ungdomsstyret det er viktig å engasjera seg i framover?

Behandling
Ungdomsstyret fekk presentert aktuelle fylkessaker, mellom anna budsjett og økonomiplan, hurtigbåt- og ferjetilbodet frå 2030, skulebruksplan og nytt Ungdommens fylkesråd.

Ungdomsstyret peika ut hurtigbåtsaka som ei sak å arbeida vidare med. Styret ønsker å laga eit fellesdokument og senda vidare til Ungdommens fylkesråd. Dei ønsker også å vurdera eit lesarinnlegg til lokale aviser, og fordelte oppgåver seg i mellom.

Vedtak:

Ungdomsstyret prioriterer saka om framtidig hurtigbåttilbod i Ryfylke. Det blir utarbeidd eit felles innspel som blir sendt til Ungdommens fylkesråd. Ungdomsstyret vurderer også eit lesarinnlegg.

Sak 27/26 Gratis U-23 billett i Ryfylke

Bakgrunn
Ungdomsstyret har tidlegare uttalt at ordninga med gratis U23-billett har vore eit viktig tiltak for ungdom i Ryfylke. Finansieringa frå Ryfylkefondet gjeld ut 2026, og det skal takast stilling til om ordninga skal evaluerast.
Ungdomsstyret har tidlegare signalisert at dei ønskjer å engasjera seg i denne saka.

Frå behandlinga:
Ungdomsstyret drøfta ordninga med gratis U23-billett og ønsket om å gi innspel til den vidare behandlinga.
Styret ønsker å skriva eit skriv til Ryfylkerådet før deira møte 11. november 2026.

Vedtak:

Ungdomsstyret utarbeider eit skriftleg innspel om U23-ordninga innan 11. november 2026.

Sak 28/26 Søknad til Rogaland Sparebank – «Første jobb heime»

Bakgrunn
Ryfylke IKS ønskjer å søkje Rogaland Sparebank om 80 000 kroner til å utvikla ei SMS-varslingsteneste i Heim te Ryfylke. Løysinga skal kopla unge jobbsøkjarar med ledige sommarjobbar i regionen, og automatisk varsla dei når relevante jobbar blir lyste ut.

Målet er: Fleire unge skal få kjennskap til sommarjobbane som finst heime i Ryfylke, og fleire arbeidsgivarar skal få søkjarar til jobbane sine.

Prosjektet skal gi unge i Ryfylke beskjed på SMS når det kjem nye sommarjobbar, og ei påminning før søknadsfristen per sms.
Det blir søkt om om lag 80 000 kr til teknisk utvikling. Ryfylke IKS dekkjer eigeninnsatsen gjennom eksisterande drift.
Søknadsfrist: 13.11.2026

Behandling
Ungdomsstyret ønskjer å stå som medsøkjar i søknaden. Ungdomsstyret skriv ei kort støtteerklæring og eitt avsnitt med eigne ord om kvifor dette er viktig for unge i Ryfylke.
Oppgåver vart fordelte i møtet.

Vedtak:

Ungdomsstyret stiller seg bak søknaden «Første jobb heime» som medsøkjar og utarbeider ei støtteerklæring som blir lagt ved søknaden.

Sak 29/26 Kommunikasjon og synleggjering av Ungdomsstyret

Bakgrunn
Ungdomsstyret skal vera ei tydeleg stemme for ungdom i Ryfylke. For å få fleire unge til å kjenna til ungdomsstyret og arbeidet deira, ønskjer me å arbeida meir aktivt med kommunikasjon.

Behandling:

Saka vart utsett, og med det ikkje diskutert i møtet.

Vedtak:

Ungdomsstyret ønskjer å ta opp igjen denne saka i neste møte.

Sak 30/26 Eventuelt orientering

Det vart ikkje meldt inn andre saker til møtet.

Neste møte er 7. desember kl. 17-19 på Teams.

Ungdomsstyret i Ryfylke

Ungdomsstyret består av medlemmar frå alle kommunane i Ryfylke. Styret skal vera ein viktig pådrivar for å auka deltaking av unge i utviklinga av Ryfylke-regionen. Dette inkluderer å bidra til å byggja gode møtestader og å styrkja Ryfylke sin posisjon som ein attraktiv plass å bu og arbeide for ungdom.